



Det var stor aktivitet rundt borda under juleverkstaden.

Haugland og Musland Grendalag er i ferd med å innarbeida ein ny og triveleg tradisjon i førjulstida. I fjor starta dei med juleverkstad for borna i Vonheim. Dette vart svært populært, og søndag var barn og vaksne samla til årets juleverkstad. No håpar alle involverte at det vert eit årvisst arrangement.



Olve S. Tveit har god grunn til å vera stolt over den flotte nissen han har laga.

Det er Anne Grete Sjo Musland, Ingunn Erslund Myklebust og Britt Torill Mathisen som har ansvaret for planlegging og gjennomføring av juleverkstaden i år. Dei er svært godt fornøgde med oppslutnaden, og fortel at om lag 25 born var påmelde. Det totale antalet var vel om lag det doble. Det var stor aktivitet rundt langborda i Vonheim då uskedalen.no stakk innom om lag ein halvtime etter at juleverkstaden hadde starta. Born og vaksne samarbeidde om produksjon av mange flotte førjulsting.



Jarand J. Eide og mora Linda er eit godt eksempel på det gode samarbeidet.



Søstrene Camilla og Emma M. Ribel arbeidde svært ivrig med nissane sine, mor Åse hjelper til med å styra limen.

Det er tydeleg at tiltaket har slått. Det store frammøtet fortel sitt. Dessutan var det tydeleg at alle kosa seg, både store og små. Ja, alle som var der, ser nok fram til å delta på juleverkstad i Vonheim også neste år. Det finst vel knapt betre måte å koma i god førjulsstemning på enn når vaksne og barn kosar gjennom triveleg samarbeid.

Servering var det også. Masse gode kaker, kaffi og brus.

Av: Thor Inge Døssland.



Søstrene Ingvill og Sunniva E. Myklebust tok ein pause i produksjonen for å hjelpe bestemor Haldis med salg og vaffelsteiking.